

Nr. 2 - mars 2024

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



GUDSTENESTER

28.mars, Skjærtorsdag

Masfjorden sjukeheim kl.16:00
Påsegudsteneste v/Torbjørn Sæle og
Boris Kuprijanov
Nattverd

28.mars, Skjærtorsdag

Granneheimen kl. 18:30
Påsegudsteneste v/ Torbjørn Sæle og
Boris Kuprijanov.
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap (NMS)
Nattverd. Kyrkjekvelds etter gudstenesta

29.mars, Langfredag

Stordalen fjellstove (ute) kl.16:00
Påsegudsteneste v/Torbjørn Sæle og
Boris Kuprijanov
Takkoffer til Fjon fjellkyrkje
(Ved for dårleg vår vert gudstenesta inn på fjellstova.)

31.mars, Påskedag

Frøyset kyrkje kl. 11:00
Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og
Boris Kuprijanov
Nattverd. Kyrkjekaffi
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap (NMS)

1.april, 2.påskedag

Sandnes kyrkje kl. 11:00
Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og
Boris Kuprijanov m/fl.
Nattverd. Kyrkjekaffi.
Takkoffer til Bjørgvin si venskapskyrkje på Cuba

7.april

Solheim kyrkje kl. 19:00
Påskesongkveld v/Torbjørn Sæle, Boris Kuprijanov, Eli
Eidsnes m/fl.
Takkoffer til kulturarbeid i kyrkja i Masfjorden
Kyrkjekaffi

14.april

Frøyset kyrkje kl. 11:00
Gudsteneste v/ Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Nattverd. Kyrkjekaffi
Takkoffer til Bjørgvin si venskapskyrkje på Cuba

28.april

Sandnes kyrkje kl. 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle, Boris
Kuprijanov m/fl.
Takkoffer til barne og ungdomsarbeidet i
Masfjorden sokn

5.mai

Solheim kyrkje kl. 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle, Boris
Kuprijanov m/fl.
Takkoffer til barne og ungdomsarbeidet i
Masfjorden sokn

9.mai, Kristi Himmelfartsdag

Dagsturhytta Fjordblikk kl. 11:00
Friluftsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og
Boris Kuprijanov
Takkoffer til Kirkens SOS. Kyrkjekaffi.
(Ved for dårleg vår vert gudstenesta flytta til
Granneheimen. Sjå nettsida for info)

12.mai

Frøyset kyrkje kl. 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle,
organist m/fl.
Takkoffer til barne og ungdomsarbeidet i
Masfjorden sokn.

17.mai

Solheim kyrkje kl. 10:00
Sandnes kyrkje kl. 11:45
Masfjorden sjukeheim kl. 15:30
Gudstenester v/Torbjørn Sæle, organist og
korpsmusikantar.
Takkoffer til Flyktningehjelpen

19.mai, Pinsedag

Solheim kyrkje kl. 11:00
Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og
Boris Kuprijanov
Nattverd. Kyrkjekaffi
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

20.mai, 2.pinsedag

Reknesskjerjane kl. 11:00
Friluftsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og
Boris Kuprijanov
Kyrkjekaffi
Takkoffer til Kirkens SOS
(Ved for dårleg vår vert gudstenesta flytta til Frøyset kyrkje.
Sjå nettsida for info)

2.juni

Sandnes kyrkje kl. 11:00
Misjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og
Boris Kuprijanov
Nattverd. Kyrkjekaffi
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap (NMS)

Det kan kome endringar. Oppdatert informasjon om
gudstenestene i Masfjorden finn du i kalenderen på nettsida
vår: www.masfjorden.kyrkja.no.
Takkoffer kan gjevast på Vipps 620513

DØYPTE

18.02.24 Falk Bjerre Kvinge

Sandnes kyrkje

Foreldre: Katrine Skjelanger Kvinge og Jesper Bjerre

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har foreldre og fadrar fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølv å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

DØDSFALL

16.02.24 Haldis Torsvik, f. 1935

23.02.24 Øyvind Haugsvær, f. 1947

06.03.24 Marta Birkeland, f. 1937

Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så dør. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.

Påskegudstenester 2024



28. mars - Skjærtorsdag **Masfjorden sjukeheim** 16:00
28. mars - Skjærtorsdag **Granneheimen** 18:30
29. mars - Langfredag **Stordalen fjellstove (ute)** 16:00
31. mars - Påskedag **Frøyset kyrkje** 11:00
1. april - 2. påskedag **Sandnes kyrkje** 11:00
7. april Påskesongkveld i **Solheim kyrkje** 19:00
alle v/ prest Torbjørn Sæle og organist Boris Kuprijanov



DEN NORSKE KYRKJA

DET ER HÅP I EIN DROPE VATN



Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i dag, på grunn av jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt. Støtt fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp og gje vatn til dei som treng det mest!

VIPPS til 2426



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

TIPS TIL PÅSKEAKTIVITET

Fargelegg påskeegg med terning

De treng:

- papir
- terning
- saks
- fargeblyantar (minst seks ulike fargar)
- evt. tråd for å henge opp.

Teikn eggeformar med ulike mønster på papir, eller skriv ut frå internett. Bestem kva farge dei ulike tala på terningen skal ha. Trillar du og får 2 skal du fargelegge med grøn (eller den fargen de har bestemt). Så er det berre å trille, fargelegga og ha det gøy.

Når egga er ferdig fargelagt, kan de klippe dei ut, feste i ein tråd og henga dei opp. Det går også an å lima to og to egg saman på ein lang tråd som heng fritt. Egga kan også festast på vindaugget med litt tape, eller kanskje på spegelen på badet?

Dette tipset er henta frå www.kyrkja.no/påske
Der finn du fleire aktivitetar og kan lesa ulike påskerelaterte artiklar for store og små.

Tekst: Torbjørn Sæle

Foto: Kyrkja.no



PRESTEN SIN PÅSKEQUIZ


Av Torbjørn Sæle



Spørsmål:

1. Kva kallast dagen i påsken då Jesus døydde?
2. I kva hav ligg Påskeøya?
3. Kven av læresveinane var det som svikta Jesus før han høyrde hanen gala?
4. Kor i Masfjorden er det påsegudsteneste langfredag?
5. Kven leiar «Påskelabyrinten» for siste gong på NRK denne påsken?
6. Kva dyr er sentralt i Bibelens palmesøndagsforteljing?
7. Kva i påska kan egget vera eit symbol for?
8. Kven var dei første som kom til den tomme grava påskedagen?
9. Kva dag i påsken vaska Jesus føtene til læresveinane?
10. Kriminalromanen *Bergenstoget plyndret i natt* vert rekna som opphavet til den moderne påskekrimen. Kva år kom denne ut?
11. Kva er den liturgiske fargen i kyrkja i påsketida (frå påskenatt til pinse)?
12. Mange et Kvikk Lunsj i påska, men kva er bakgrunnsfargane på sjokoladepapiret, frå øvst til nedst?
13. Kva påskesalme er denne strofa henta frå «Troens øye ser det: Han gir liv og fred.»?
14. Er påskedag før eller etter 15. april i 2025?
15. Kva høgtidsdag kjem femti dagar etter påskedag?

Svara finn du ein annan stad i bladet



PÅSKEANDAKT

Eg er glad i påska, så kanskje kan eg kallast ein påskevenn. Eg likar å oppleve påskedagane i kyrkja, som prest eller annan gudstenestedeltakar. Eg er også glad i ein påsketur til hytta på fjellet, på ski eller å kjenna at det varmar og vårast ved fjorden.

I Bibelen er det nokså få, men veldig kjente ord, om då Jesus vart født. Vidare står det knapt noko om oppveksten og dei rundt tretti første leveåra hans. Men påskeveka, hans siste som menneske på jorda, vert utbrodert side opp og side ned i dei fire evangelia. Det er naturleg, for Bibelens påskeforteljing rommar så mykje. Karsten Isachsen oppsummerte det treffande ved å seia: «Påska er heile livet på éi veke.»

Bibelens påskeforteljing er så menneskeleg og livsnær og så full av kontrastar. Det er jubelrop og glede, det er måltidsfellesskap og svik, utlevering og liding. Nederlag og fortvilning, mørke og død, sorg og tårer.

Før det heile snur, og det utrulege skjer! Ved morgongry på påskedag, ein ny dag med nytt liv. Grava er tom, og Jesus står opp igjen! Lyset vinn over mørket. Livet sigrar over døden. Det vert sagt at jula varer heilt til påske. Sjølv om mange julelys kan skina langt inn i eit nytt år, så stemmer det vel ikkje heilt. Men for Jesus gjekk vegen frå julekrybba til påskekorset, så til grava og tilbake til livet igjen! Dei store høgtidene heng saman.

I ein del år har eg gått inn i påskeforteljinga frå disippelen Peter sitt perspektiv, gjennom tekst og tonar i påskekonserten «Peters påske». Fiskaren Peter er den første som tek sjansen på å slå følge med Jesus og bli betre kjent med han. Peter kastar seg utpå, får ei bratt læringskurve, opplever mange undergjerningar, og han seier til Jesus: «Du er Messias» (Markus 8,29). Seinare, i ein pressa situasjon, nektar Peter tre gongar for at han i det heile tatt kjenner Jesus. Og neste dag dør Jesus. Ein disippel som Peter var eit vanleg menneske – som oss. Eit menneske som også bommar, tenker og gjer feil. Kanskje kan det gjera bibelforteljinga endå meir interessant? I møte med Jesus er det nye sjansar. For Peter og for deg og meg. Det er plass til oss i flokken rundt Jesus.

Den Jesus som kjem tilbake frå døden, har framleis omsorg for Peter. Gjennom eit nådig blikk og ein viktig samtale i Johannes 21,15-21 kan det som gjekk galt, setjast i stand igjen. Peter som



Den tomme grava. Foto: Torbjørn Sæle

hadde nektet tre gongar på at han kjende Jesus, får no tre gongar seia til Jesus at han har han kjær. Så gjev Jesus utfordringa på nytt og seier det same som første gong han møtte Peter: «Følg meg!». Eit nytt kapittel startar.

Påskebodskapen er full av liv og håp om at noko nytt og godt kan få spira fram. Også for oss – og gjennom oss.

Takk, Jesus! Deg være ære, du som er Herre over dødens makt!

Torbjørn Sæle, sokneprest

PÅSKEGUDSTENESTE MED SKISKO PÅ BEINA?

Langfredag kl. 16 vert det påskegudsteneste utafor Stordalen fjellstove. Kanskje nokon vil koma rett frå ski, i bakke eller løyper, og til gudsteneste? Skulle vêret gjera det utriveleg å samlast ute, vert gudstenesta inne på fjellstova. Fjellstova er uansett open for servering for dei som ønskjer det.

Det er ein lang tradisjon for å ha friluftsgudstenesta i Stordalen i samband med Bjørn West-marsjen. Som eit prøvetiltak for å vera tilgjengeleg for dei som er på hytta, på ski og alle andre interesserte, vert ei av årets påskegudstenester i Masfjorden lagt til «påskefjellet».

Om du heller vil ha påskegudstenester i lågare strøk er det mogleg både skjærtorsdag, 1. og 2. påskedag på dei ulike gudstenestestadene våre. Og om kvelden, ei veke etter påskedag, vert det påskesongkveld i Solheim kyrkje. Heile oversikten finn du på plakat, i gudstenesteoversikten i bladet og på nettsida til kyrkja. Legg gjerne inn ei eller fleire gudstenester i påskeplanane dine, og ver med å feira den viktige høgtida.

Tekst og foto: Torbjørn Sæle



PÅSKESONGKVELD I SOLHEIM KYRKJE

Songkveldane me hadde i Solheim kyrkje i fjor vart godt mottatt, og 7.april kl. 19:00 er me på ny klar for å fylla kyrkja med song og musikk. Dette er første søndag etter påske, og reknast som 2.søndag i påsketida. Me har difor kalla kvelden «Påskesongkveld» og du vil denne kvelden få vere med å syngje salmar frå heile påsketida.

Det blir med forsongargruppe som leiar fellessongen, og det blir solistinnslag. Sokneprest Torbjørn vil binda alt saman med tekstar frå påskedagane, og organist Boris leiar oss trygt gjennom songane ved orgelet og piano.

Etterpå vert det kyrjekaffi. Me håpar mange vil ta turen til Solheim kyrkja denne kvelden.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevjerje



MIN SALME

Ingen er så trygg i fare!

Denne salmen har fylgt meg sidan eg stod attmed pulten min på barneskulen og song, og alle måtte syngja med.

Bestemora mi som budde i same huset som oss, «i nora stovo», sat ofte og song frå salmeboka om søndagskveldane. Ho var glad om eg song saman med henne, og då var også denne salmen ofte brukt etter mitt ynskje.

Mitt første barnebarn vart saman med seks andre dåpsbarn bore inn i kyrkja medan kyrkjelyden song «Ingen er så trygg i fare». Same barnebarnet gifta seg i Johanneskyrkja for tre år sidan og det var stort då eg opna programmet og den fyrste salmen me skulle syngja var denne salmen.

Så denne salmen har vore med meg, eg synest kvart vers er fint og lett å forstå. I anledningar der eg har fått lov å foreslå salme, har valet vore lett å ta.

Else Haugland

Foto: Bjørn Rune Kvinge



Salmen står på nr. 488 i Norsk salmebok (2013) og her kjem den nynorske teksten:

1. Ingen er så trygg på ferda
som Guds barneflokk i verda.
Ingen fugl så vel er verna,
ingen himmel sol og stjerna.

2. Herren sine trugne lagar
kvilestad i Sions hagar.
Over han dei seg forbarmar,
ber dei stødt på faderarmar.

3. Naud og lukka til vil falla,
Herrens hand skal fast oss halda.
Som ein ven han sine aktar,
han er deira skjold og vaktar.

4. Han i nåde ut oss valde,
våre hovudhår han talde.
Han oss føda vil og kleda,
midt i sorga gjev oss gleda.

5. Gled deg då, du vesle skare,
Jakobs Gud skal vel deg vare!
For hans vilje og hans velde
dine fiendar vert felde.

6. Sjå, dei gode faderhender
både med- og motgang sender!
Men hans vise råd er milde:
Bare vel han barnet ville.

DÅP: - Å BLI EIN DEL AV EIT FELLESSKAP

18. februar tok Katrine Skjelanger Kvinge og Jesper Bjerre med seg sonen Falk Bjerre Kvinge for å bli døpt i Sandnes kyrkje, og storebror Birk hjalp til. Mamma Katrine deler her tankar og erfaringar med å feira dåp og gir samtidig nokre tips til andre.

Kan du fortelja litt om dåpsdagen. Korleis var det, i kyrkja og etterpå?

– Me hadde ein veldig fin dåpsdag med ei kjekk gudsteneste i Sandnes kyrkje, før me spaserte ned på Sandneskaféen for feiring med familie. Storebror til dåpsbarnet vart døpt under koronatida, så me sette ekstra stor pris på å kunne få dele dagen med fleire av våre næraste denne gongen. Dessverre fekk me ein runde med omgangssjuka i dåpen som enda opp med å slå ut det meste av slekta i dagane etter. Slik sett kan ein seie det vart ein fest alle kjem til å hugse!

Korleis var prosessen fram mot å finna tidspunkt for dåp?

– Me ønskte å halde dåpen enten i Sandnes kyrkje eller Granneheimen, og grunna lang reiseveg for deler av familien syntest me det var greitt å velje ein dato som låg litt fram i tid, men som ikkje var knytt til ei høgtid. Her fekk me god hjelp av Eli på kyrkjekontoret til å finne dato tidleg. Men me skulle nok ikkje døpt han mykje seinare om me ville ha på dåpskjolen.

De bur i Bergen, kvifor ville de døypa Falk i Masfjorden?

– Sjølv om me bur i byn er det nok framleis i Masfjorden me føler sterkt tilhørighet, og me er ofte heima på Kvingo. Det er og noko veldig fint med å kunne feire ein slik dag i same kyrkja der mange av dei store dagane i slekta vår har blitt markert. Me set og veldig stor pris på det fellesskapet som er i bygda, der det alltid er nokon som vil hjelpe med alt frå kakebaking, kjøkkenhjelp til ordning av lokale.

Dåpssamtalen er normalt der de bur. Korleis var dette for dykk?

– Sommaren 2023 kjøpte me oss hus og flytta til Fana, og dåpssamtalen vart halde i Birkeland kirke. Dette var for oss ein veldig fin måte å bli kjend med vår lokale kyrkje, der me fekk informasjon om aktivitetar og tilbod til born i vår kyrkjekrins. Ikkje minst var det fint å få helse på nokre av dei menneska som høyrer til i vår krins.

Kva betyr dåpen for dykk?

– Dåpen er for oss sterk tradisjon og ein festdag der ein markerer at barnet blir ein del av eit fellesskap.



Det er godt å ha ei slik tilhørighet, og det er sjølvstas for oss som foreldre.

Korleis vart de som familie og dåpsfølge involverte i gudstenesta?

– I samtale med presten kunne me komme med ønsker til salmar, og familien fekk delta med lesing av tekstar i kyrkja. Dette sette me pris på, då det bidrog til å gjera gudstenesta meir personleg for oss. Det var nattverd, og rom for små born som kan synes det er vanskeleg å sitte stille ei heil gudsteneste. Me synes det vart ei veldig fin markering i kyrkja.

Har du nokre tips til andre som tenker på dåp?

– Gjer det enkelt med feiringa og ta imot den hjelp som blir tilbydd til alt av praktiske ting. Dåpssamtalen er ei god anledning til å bli betre kjende med kyrkja. Elles er det berre å kose seg med dagen, avsluttar Katrine Skjelanger Kvinge.

Intervjua av Torbjørn Sæle, sokneprest

Foto: Gro Serine Baarøy

VERDIÅRET 2024 I BJØRGVIN

AKTUELLE VERDIAR FRÅ GAMAL TID

I 2024 feirar og markerer vi to hendingar som i høg grad har vore med på å endra landet vårt: 1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. I Bjørgvin bispedøme har dette året fått namnet «Verdiåret 2024», året der vi markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjere landet vårt til eit godt land å leve i. I kyrkjene i Bjørgvin vil verdiåret bli markert på pinsedag, 19. mai.

Verdiåret 2024 er ein del av ein "jubileumsstafett" med ulike markeringar frå 2021 til 2031. Eit anna høgdepunkt i denne stafetten er året 2030. Då vil det bli markert at det er tusen år sidan slaget på Stiklestad, då vi feirar at Noreg har vore eitt rike i tusen år.

Kristenretten 1024


Under mottoet "Feira fortid - forma framtid" vert det markert at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte kristenretten på Moster. Det er eit jubileum for heile landet med særleg fokus på barn og unge. Hovudmarkeringa på Moster 29. mai - 2. juni 2024 vert ein fest for alle.

Magnus Lagabøte si landslov 1274

I 1274 samla Magnus VI for første gang heile landet under ei lov. Magnus fekk tilnamnet Lagabøte, «den som reparerer lovene». Landslovsjubileet er landsdekkande, og biskopen i Bjørgvin er medlem av hovudkomiteen for Landslovsjubileet i Vestland. Ho inviterer sjølv til seks temakvelder i Bergen domkirke.

Guds fire døtre

Omgrepet "Guds fire døtre" eller "Dei guddomelege søstene" er sentralt i Magnus Lagabøtes landslov. Det handlar om fire dygder som ved kvar domsavseiing der lova var uklar, skulle verte høyrte for at ein dom kan seiast å vere opplyst så den er rettferdig: Miskunn, rettferd, sanning og fred. Biletet av dei fire søstrene er henta frå Salme 85 i Bibelen, der det heiter at miskunn og sanning skal møte kvarandre, rettferd og fred skal kyssa kvarandre.



Miskunn skal passe på så ikkje vondskap eller hat kjem i domen; *sanninga* må verte høyrte så ikkje løgn skal få avgjere om nokon blir dømt, *rettferda* skal sjå til at urett ikkje gjer skade på domen, og *fred* skal sjå til at ikkje for harde domar blir felte i vreide.

TV-serie om hendinga som forandra Noreg

«Hendelsen som forandret Norge» er tittelen på ein ny, underhaldande og opplysende mini-serie med Farnenpresten, Thor Haavik, som programleiar. I tre episodar følgjer vi han frå vikingtida til vår tid for å sjå på konsekvensane av at landet fekk ei ny rettsordning – «kristenretten» på Moster for 1000 år sidan. Det er laga undervisningsmateriell for ulike aldersgrupper knytt til denne serien.

Verdiseglas med verdisamtalar

Verdiseglas 2024 er ei pilegrimsferd i fleire etappar langs Kystpilegrimsleia frå Sokndal/Egersund til Nidaros. Ungdomar deltek i verdisamtalar inspirert av "Guds fire døtre" og omgrep som makt, likeverd og demokrati. Samtalane skal føra til framtidsråd som vil bli lagt i Kystpilegrimskista som verdibrev til Nasjonaljubileet Norge 1000 år og preses i Den norske kyrkja. Olavselden i jubileumsstafetten fram mot 2030 følgjer seglasen frå start til slutt.

Ettappar:

- Frå Moster til Bergen og opning Magnus Lagabøte-utstilling 21. mai
- Frå Sokndal/Egersund til jubileumshelga Moster 2024 den 1. juni
- Frå Bergen til Gulatinget og vidare til Kinn/Selja til feiring av Seljumannamesse 1000 år 6.- 8. juli,
- Frå Selja til Smøla og vidare til Nidaros 27. juli - Nasjonaljubileet Norge 1000 år og Olavsfest



Les meir om verdiåret 2024 på
bispedømet si nettside

<http://kyrkja.no/bjorgvin/2024>

Tekst: Jens Z. Meyer, Bjørgvin
bispedøme

Foto S 10:
Guds fire døtre, slik dei er
framstilt av Anne Hesvik. Foto:
Bo Mathys

Moster gamle kyrkje.
Tusenårsjubileet for
kristenretten på Moster blir
markert både på Moster og i
kyrkjene i bispedømet.
Foto: Moster amfi/Abstract
media

SJÅ TV-SERIE og SAMTAL OM VERDIAR



I TV-serien «Hendelsen som forandret Norge» tar
«Farmen-prest» og influensar Thor Haavik oss med
tilbake til då **kristenretten** blei innført for 1000 år sidan.

I samtalar med fagfolk, bl.a. sosiolog Harald Eia, advokat Geir Lippestad
og historikar Jørn Øyrehagen Sunde leitar han etter svar på korleis
innføringa av kristenretten i 1024 har gjort Noreg til det landet vi
kjenner i dag. Serien har tre episodar på ca. 20 minutt og er produsert av
TV Inter, i samarbeid med Tro og Medier, og er finansiert av Kyrkerådet
og Bjørgvin bispedøme.

På Bjørgvin bispedøme sine nettsider finn du også samtale- og
undervisningsopplegg knytt til denne serien. Skann QR-koden, sjå
episodene og bruk dei til gode samtalar!

www.kyrkja.no/bjorgvin/2024



Skann QR-koden
for filmar og
samtaleopplegg



Svar på Presten sin påskequiz:

- | | |
|--|-----------------------|
| 1. Langfredag | 9. Skjærtorsdag |
| 2. Stillehavet | 10. 1923 |
| 3. Peter | 11. Kvit |
| 4. Stordalen/fjellstova | 12. Raud, gul, grøn |
| 5. Viggo Valle | 13. Deg være ære |
| 6. Esel/eselfole | 14. Etter (20. april) |
| 7. Nytt liv/at Jesus stod opp | 15. Pinsedag |
| 8. Kvinnene/Maria Magdalena og Maria – og Salome | |

“SOKNERÅDSPRATEN” MED HEIDI BJÅNES BJØRNEKLETT

Kan du fortelja litt om deg sjølv?

-Eg heiter Heidi. Eg er oppvaksen på Matre, men bur for tida i Trodalen. Mine interesser er gaming, og så må eg seie at eg er litt interessert i reising.

Kva betyr kyrkja for deg?

-Eg er ikkje så religiøs av meg, men eg er oppvaksen med å vera med på ting i kyrkja. Eg er døypt og konfirmert, og har sjølv vore med på tilbod som har vore i kyrkja, blant anna dåpsskulen. På den måten så er det ein del av meg.

Kva tenkjer du om kyrkja sin plass i lokalsamfunnet vårt?

-Kyrkja er ein møteplass for menneskjer, ein sosial plass der ein kan møtast. Man møter også menneskjer ein ikkje møter til vanleg, som er hyggeleg. Skjer det noko, så er det alltid folk der. Så sann sett er det ein trygg og hyggeleg plass.

Kva bør kyrkja i Masfjorden satse på framover?

-Eg tenkjer at det kan vere greitt med fleire aktivitetar for alle, og då tenkjer eg på aktivitetar for alle aldersgrupper.

Intervjua av Tina Meland Lønnebakken

Foto: Privat



DÅPSSKULEN ER I GANG

No er me i gang med årets dåpsskule, og det skal vere tre samlingar i dei tre ulike kyrkjekrinsane våre no i vårhalvåret. Den fyrste samlinga har allereie vore, i Frøyset, Sandnes og Solheim kyrkje, der kyrkja vart fylt med latter, lek og moro.

I haust så vart det delt ut ei kyrkjebok til 4-åringane, som no vart inviterte til dåpsskule. Her vert borna inviterte til si kyrkja for å verte betre kjent med kyrkja, og den kristne tru, gjennom lek, forteljingar og aktivitetar. På samlinga så syng me mykje, og speler på ei tromme. Det er moro å kunne spele på tromme, fordi det kjem så mange ulike lydar. Me syng også songar som «Kven har skapt alle blomane?» og «Vår Gud er så stor».

Inne i kyrkjerommet vert det gøymt noko som heiter gripekors, det er små kors som er laga av tre. Dei blir lagt ut rundt om i kyrkja, og det er veldig kjekt å leite etter dei. Me snakkar også om kva som er inne i kyrkjerommet, som blant anna alterring og preikestol.

På samlingane har me ulike tema for kvar gang, og på den fyrste snakka me om bøn. Me snakka om at bønn er kommunikasjon med Gud, og korleis me kan be. Me kan anten seie ei bøn inni oss, eller me kan seie det høgt. Nokre foldar hendene, eller me kan be med å halde i eit gripekors. Me har også teikna ting me vert glade for, og snakka om ting me er takksame for.



Tekst:

Tina Meland Lønnebakken, trusopplærar

Foto: Silje Vågseth Kjetland

VÅRRYDDING PÅ GRAVENE

Kyrkjegardsarbeidar startar våroppryddinga på gravplassane i april. Me vil difor be alle rydde og hente kransar og vinterpynt ein vil ta vare på frå gravene innan 7. april.

Me minner og om at det er viktig at lys med metall-lokk blir rydda vekk etter bruk. Dette for å forhindre at fuglar får tak i lokka og slepp dei ned på jorder rundt gravplassane. Særskild er dette viktig der gravplassane ligg i jordbruksområde som blir slått, då me vil unngå å få metallrestar inn i fôret til dyra.

Treng du hjelp til stell av familiens graver, tilbyr me gravstell-avtale med planting i mai, sommar, haust og kransnedlegging til jul. Dette kan du bestilla hjå kyrkjevevje på tlf. 56 16 62 61.

Når våren kjem er det ein del gravsteinar som gjerne har blitt skeive i løpet av vinteren eller åra som har gått. Dette kan kyrkjegardsarbeidar også hjelpe til med. Bestilling av oppretting gjer du hjå kyrkjevevja.



Til slutt minner me om at plantar på gravene ikkje må bli så store at gravminne vert dekkja.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjevevje.

ÅRSMELDING OG ÅRSMØTE - MASFJORDEN SOKN

Årsmelding og rekneskap for 2023 er no godkjent i fellesrådet og du finn dei på nettsida vår, www.masfjorden.kyrkja.no

Årsmeldinga blir gjennomgått på årsmøte som er ope for alle og blir halde i Frøyset kyrkje etter gudstenesta den 14. april.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevje

Der kan du lese om året som har gått, med bl.a informasjon om tilbod og aktivitetane i kyrkja, kven som er med i sokneråd og kyrkjeutval, diverse nøkkeltal og korleis det står til med dei ulike eigendomane våre.

Kom

Kom til Jesus med all di synd -
og du vert rein for Gud
Ingen som til Jesus seg vender
vil Han støyta ut

Det er det same kva du
har gjort -
bring det med til Han
La Jesus ta seg av det alt -
og du når livsens land
Lillian Kvinge



LEIR MED LATTER, LEIK OG LYSMESSE



Midt i februar, då det var kaldt og mykje snø ute, kunne ein høyre latter og snakking ifrå Fjon fjellkyrkje. Då var det nemleg tida for at konfirmantane skulle møtast igjen på konfirmasjonsleir. Det starta med orientering om kva som skulle skje i løpet av helga, og eit måltid. Deretter var det i gang med undervisninga, som fredagen handla om fasteaksjonen, som konfirmantane er ein del av no i mars.

Lørdag byrja med frukost før det var morgonbønn. Deretter vart det undervisning om Kristuskransen. Etter ei stund var det tid for å gå ut i snøen, for leik og aktivitetar i finvêret. Det var rebus ute, med oppgåver konfirmantane skulle løyse. Blant anna skulle dei byggja eit tårn av marshmallow og spagetti, og frakte snøball ifrå A til B utan å bruke hendene. Etter rebusløpet var det tid for kos rundt bålpanna, med både kakao og marshmallow.

På laurdagsettermiddag kom Else Iren og Boris, som også var med på gudstenesta. Dei hadde ei songstund med konfirmantane, der dei øvde på songane som skulle framførast dagen etter. Konfirmantane var flinke til å syngja og med flott musikk til. På kvelden hadde vi leirkos, der vi leikte ulike leirleikar.

Leiren vart avslutta med ei flott lysmesse, den som måtte avlysast då vêr og føre var for dårleg i januar. Gudstenesta starta med at konfirmantane gjekk inn i prosesjon medan dei heldt eit lys og song salmen «La oss vandre i lyset». I løpet av lysmessa var konfirmantane veldig delaktige, med blant anna song, musikk, lesing, lystenning og dramatisering. Dette vart ei fin avslutning på helga.

Tekst: Tina Meland Lønnebakken
Foto: Torbjørn Sæle og Eli Eidsnes



VELKOMEN TIL STORDALEN SKISENTER

Som dei fleste sikkert veit så har me eit flott skisenter i Masfjorden. Dette ligg i Stordalen ei køyretid på om lag 20 minutt frå Matre.

Skisenteret er drive på dugnad og har ope frå januar/februar, når det er nok snø, til like over påske. Opningstidene er lørdag/søndag på dagtid, i tillegg kveldskøyring kvar onsdag. Utvida opningstider i vinter- og påskeferiar.

I løpet av ein sesong har me fleire tusen besøkjande frå Masfjorden og nabokommunane, Bergen, Sotra, Gulen, og til og med frå Solund. Hyttefolket i Stordalen er spesielt flinke til å bruka skisenteret, i tillegg til at dei aller fleste også er med på dugnad gjennom vintersesongen.

Dei som ikkje torer å setja utfor bakken, nyt kaffi/kakao og litt å bita i i varmastova eller i brakkeveggen. Andre kosar seg med pølser frå grillen. Felles for alle som besøkjer oss er smil, godt humør og blide fjes.

No nærmar det seg påske. Me håpar snøen heldt og ynskjer alle velkomne i skisenteret. Har du lyst å møta folk, ta ein prat med nokon du ikkje har snakka med på ei stund eller kanskje prøva skia, så veit du no kvar du kan ta turen.

Eit anna godt tips kan vera å ta ein skitur i oppkøyrde turskiløyper, som du finn fleire av, eller nyta ein godt måltid på fjellstova. Me som er i fjellet skal ta godt imot deg same kva du måtte velja!

Opningstider i skisenteret denne påska:

Lørdag 23.3. / søndag 24.3: 11-16

Måndag 25.3. / tysdag 26.3: 14-19

Onsdag 27.3: 18-20

Frå torsdag 28.3. til måndag 1.4. :11-16
kvar dag

Velkommen til fjells!

Tekst: Liv Øydis Trædal

Foto øverst t.h.: Annbjørg Berg Dyrhovden

Foto nederst t.h.: Åshild Trædal



CIRKUS AGORA TIL MATRE MÅNDAG 8.APRIL

Cirkus Agora fyller 35 år i år. Da sirkuset startet opp var direktøren, Jan Ketil Smørdal bare 25 år og klar for et langt liv på veien. Han hadde startet som linedanser på Cirkus Merano tidligere, men var klar for å følge drømmen om et eget sirkus fra Vestlandet.

I år kommer Cirkus Agora med artister og ansatte fra en rekke land i Europa. Fra Portugal og Spania i Vest til Ukraina i øst.


- Vi lever i svært urolige tider, og da er det viktig at vi får utvekslet kultur med hverandre på dette kontinentet vi bor på. De som kjenner hverandre slår hverandre ikke ihjel, sier Jan Ketil Smørdal.

Jubileumsshowet byr på halsbrekkende luftakrobatikk, feel-goodnumre med klovn og med hunder, sjonglører og gjøglerier fra et vell med artister.

- I år blir det et veldig estetisk fint show. Jeg vil trekke fram Alexander Jr. sitt håndstående nummer som noe helt utenom det vanlige på et sirkus i år, sier Smørdal.

- Vi har alltid blitt godt mottatt av et fantastisk publikum på Matre, og vi gleder oss enormt til å komme. Både for å spille og for å vise våre venner på sirkuset som kommer fra hele Europa den dramatiske og vakre naturen i området, avslutter Smørdal.

Med vennlig hilsen / With kind regards
Olav Ludvig JordaL, daglig leder/Co-founder



FULLT HUS PÅ LOKAL KVINNEDAGSMAKERING

Med det store og viktige temaet *kvinnehelse* som hovudtema, samt quiz og loddsal vart det ein kveld med damene i fokus.

Over 70 damer frå Masfjorden og nabokommunane tok turen til Kvingo på kvinnedagen, til ei markering arrangert av damene i Masfjorden Høgre. Det var annonsert at arrangementet skulle vera heilt utan politisk agenda, og damene i dei andre partia var spesielt inviterte.

Kommunen sin tidlegare kommuneoverlege Rolf Tande hadde føredrag om temaet, der han tok utgangspunkt i NOU rapport laga i 2023 : *Den store forskjellen – om kvinners helse, og betydninga av kjønn for helse*. Denne rapporten er ikkje vorte gjort noko med sidan den vart lagt fram for regjeringa i fjor. Det er kostbart å ta tak i kvinnehelse på landsbasis. Men om me ser på tal i samanheng med konkrete «typiske kvinnesjukdommar» er det likevel svimlande summar å spare på å gå inn i forkant og førebyggje. Her må riktige prioriteringar gjerast!

Resten av kvinnedagen var mindre alvorsprega. Ein quiz med spørsmål rundt damer skapte latter og fjas, før det store loddsalet som på førehand var snakka mykje om. Her var flotte premier sponsa av lokalt næringsliv.

Me vil gjerne takka alle som kom, me er utruleg takknemlege for at så mange ville markera denne viktige dagen ilag med oss. For sjølv om me har hatt mykje fjas og moro så er dette ein dag som me ikkje tek lett på.



Kvinnekampen er ikkje over, kvinnehelse må prioriterast og kvinner og menn skal vera like mykje verdt i arbeidslivet. Me gler oss allereie til neste års markering!

Sigrun Haugsdal Reknes, Kariann Ekren, Veronica Hjartholm, Tina Fjellby.



Ei årsmelding gir eit godt innblikk i laget sin aktivitet, og om stoda i laget. Årsmeldinga skal mellom anna ligga ved søknaden laga sender til kommunen når dei søker kulturmidlar. Årsmeldinga kan vera interessant lesnad også for dei som ikkje er med i laget. Under kan du lesa Pensjonistforbundet Nordbygda si årsmelding for 2023.

ÅRSMELDING FOR PENSJONISTFORBUNDET NORDBYGDA 2023

Styret har dette året hatt denne samansetjinga:

Leiar:	Ivar Haukeland
Nestleiar:	Karen Margrethe Sleire
Kasserar:	Ragna Vabø
Styremedlem:	Reidun Frøne
Skrivar:	Helge Haukeland
Varamedlemmar:	Harald Birkeland, Lillian Haugsdal, Aase Skjervheim Areklett.

Styret har i perioden hatt fire styremøter og behandla 23 saker. Fleire av dei har med fleire underpunkt. Leiar har personleg delt ut innkallingar og informasjonsskriv til medlemmane.

6 medlemsmøte er gjennomført i årsmøteperioden. På alle møta med unntak av eitt, har vi vore over 20 medlemmer tilstades, og like oppe i 28 frammøtte. Ulike kulturelle innslag med blant andre kulturskulen gir alltid god stemning. Dei aller fleste møta har og hatt eit tema med innleiar. Matøkt og åresal gje og rom for godt sosialt samvær.

Medlemstalet i laget er stabilt. Ved nyttår var talet 73, to fleire enn i fjor. Nokre er falle i frå, og 7 nye medlemmar har funne vegen til oss. Som tidlegare år sender vi blomsterhelsing til våre medlemmar som fyller runde år, frå 80 år og oppover. Det vert og markert, slik familien ynskjer det, når nokon har gått bort.

Av tema på medlemsmøta kan nemnast:

Frå Masfjorden kommune var Åse Elin Solheim med oss og hadde ei god orientering om framtidsfullmakt. Arnold Matre tok oss med på delar av historia til Bjørn West-styrkane i 1944 – 45. Han var og innom andre motstandsmenn og -kvinner i Masfjorden i den perioden.

Frivilligkoordinator Kristin Kvamme Rasch kom som heilt nyttilsett og orienterte om Frivilligsentralen som no er blitt kommunal.

Anne Merete Reknes gav oss eit godt innblikk kor viktig eit godt kosthald er for oss litt eldre og.

Bibliotekaren vår Andrea Kvinge presenterte mange gode bøker, og orienterte om biblioteket. Sissel Hjelmtveit viste bilder og fortalde om reisemåtar i Nordhordland i frå 1920-talet og framover til vår tid. Bilen og etterkvart bussen fekk meir og meir innpass ettersom vegane vart bygde. Gode viser, allsang og gode stubbar hadde Terje Rasdal med i gitarkassen sin på sitt besøk.

Vårfesta 21. april stod Pensjonistforbundet Indre-Masfjorden for. Grendahuset på Solheim var fint pynta, og dei som hadde ansvar for hus og kjøkken, tok vel imot oss, og serverte framifrå mat. Skuleelevar i frå Matre skule stod for god servering. Eit allsidig program og gode musikalske krefter fekk eit godt innhald i dagen.

Eldredagen vart arrangert 2. oktober, også den i Solheim grendahus. «Mannskapet» for huset var på plass att, og mottakinga, mat og serveringa sto ikkje tilbake for det vi fekk i vår.

Nils Kvamsdal var dagens talar. Han tok oss med på ei reise i frå Brekkena og Dalane til Sandnes og seinare til indre Masfjorden. Gode stubbar og god forteljarevne gjorde at mange kjende seg att når ein såg litt tilbake i tid og.

Eitt av høgdepunkta var utdelinga av eldreprisen for 2023 til Haldis Ulvatn. Vel fortent til henne og alt ho driv og har drive på med. Det står meir utførleg om henne og prisen i møteboka.

Leiar Ivar Haukeland og helsekontakt Lillian Haugsdal arrangerte i mars ein middag på Country- kaféen for dei av våre medlemmar som av ulike grunnar ikkje så lett kjem seg ut. 15 personar deltok og fekk ein triveleg dag, litt utanom det vanlege.

22. mai var vi 29 personar frå Nordbygda som la ut på ein 4-dagars tur Sørlandet rundt. Med Bjarte Johannessen bak rattet hadde vi både ein dyktig sjåfør og guide. Mykje fekk vi med oss. Ein svipp innom Grimstad, det gamle fengselet i Arendal, fyrst på Lindesnes. Kanskje høgdepunktet for mange var ein halvannan times konsert med Lindesnes trekkspelklubb. Ein stødig raspeballmiddag i Haugesund sette eit godt punktum for turen.

29. august var det duka for Pensjonistseminaret i Knarvik. Denne gongen var det så stort frammøte at ikkje alle fekk plass i kyrkja. Nestleiar i Pensjonistforbundet Helga Hjetland innleia. Av andre innleiarar kan nemnast Magnus Takvam, Bård Ose, Erling Borgen, og ikkje minst hjerneforskar Ole Petter Hjelle. Fleire frå vårt lag deltok.

Årsmøte i Pensjonistforbundet Hordaland blei avvikla 21. mars. Leiar Ivar Haukeland og Lillian Haugsdal møtte der.

Haustkonferansen var i år berre ein dag, 4. oktober. Her deltok Ivar Haukeland og Ragna Vabø. Til denne konferansen var det utarbeidd eit hefte: «Eldreomsorgen i Norge- dine rettigheter som bruker og pårørende». Som nestleiar i Pensjonistforbundet Hordaland har Helge Haukeland vore med og utarbeidd det.

I anledning at Pensjonistforbundet Hordaland runda 60 år 1. november 2023, blei det arrangert ein stor gratiskonsert i Grieghallen 5. oktober. Her deltok eit samansett kor på over 100 personar under opninga. Eit veldig vellykka arrangement. Det var og i den anledning laga eit jubileumsskrift som laga fekk, «60 år på banen», ført i pennen av Sverre Bungum.

Regionsamlinga i vår kolliderte med bussturen vår. Allikevel var det 4 av våre styre-/ varamedlemar som deltok i ulike møte arrangert av fylkeslaget. Laget har og hatt to medlemmar med på valkomitekurs, og eit medlem på kasserar/økonomi kurs.

Juleavslutninga hadde vi i år på Kilstraumen Brygge i lag med Nordbygda helselag. Utanom god mat var Olav Mongstad med oss og heldt eit veldig interessant føredrag med bilder om Mongstadbygda før industrien kom og tok alt som var der.

Leiaren vår Ivar Haukeland har og vore leiar i Eldrerådet i kommunen like fram til no etter kommunevalget 2023. No er han medlem, med Lillian Haugsdal som vara. Lillian er og laget sin helsekontakt, og det set vi stor pris på.

Trimløypa har vist sin berettigelse. Kun om vinteren på dei glattaste dagane er der stille, elles er den godt besøkt av både yngre og eldre. Verkeleg kjekt å sjå at folk brukar den. No manglar det berre litt trimapparat på idrettsbana, så er muligheitene for fysisk aktivitet for unge som eldre langt betre.

Duesund 07.02. 2024 Ivar Haukeland, leiar
Helge Haukeland, skrivar.

KONDISJONSTRENING MASFJORDEN

Har du utfordring med å komme deg over dørstokkmila eller kunne tenke deg å hatt nokon å trenast litt med? Då er det berre å krysse av kvar onsdag kl. 20:00 i kalenderen og møte opp ved Sandnes skule. I snart tre år har det vore fast møtepunkt for springarar med ulikt kondisjonsnivå. I fjor vart også springegruppa ein del av Kondis-familien til det nasjonale bladet KONDIS. Her er det rom for at alle som vil kan koma uansett kva nivå ein er på. Det blir i forkant av kvar onsdag sett opp ei forslag til intervall-økt, men ein styrer sjølv korleis ein vil gjennomføre økta.

Formålet med gruppa er å skapa eit møtepunkt slik at det skal bli lettare å gjennomføre i alle fall ei fysisk økt i løpet av veka. Det er ingen godt bevart hemmelegheit at fysisk aktivitet har store helsefordelar. I løpet av dei tre åra gruppa har eksistert har oppmøtetalet vore i frå 2 til 22 personar. Dess fleire som er med, dess kjekkare er det.

Har du lyst å vita meir om denne treninga? Sjekk ut Facebook-gruppa "Kondistreninga Masfjorden".



Tekst: Vebjørn Haugsdal
Foto: Lillian Andvik

MIMREKVELD I SOLHEIM GRENDARHUS



Den andre dagen i månaden mars vart det arrangert det vi kalla ein «Mimrekveld» i grendahuset på Solheim. Utgangspunktet for mimringa skulle vera gamle bilete. Vi var usikre på korleis dette ville treffa, men så viste det seg at interessen og engasjementet var der, og såleis møtte om lag 60 menneske opp denne laurdagskvelden. Ein gjeng steikte lappar og serverte med tilhøyrande syltetøy, rømme og brunost, og det vart servert både kaffi og snacks til.

Då vi ikkje hadde erfaring med ei slik samkome var vi usikre på korleis kvelden skulle leggjast opp. Resultatet vart nokre innleiande presentasjonar omkring Solheimbygda slik ho såg ut gjennom dei eldste bileta vi hadde funne, vidare historia om kraftverket på Solheim som var eit av dei fyrste i Nordhordland (frå 1917). Vidare ei rekkje med bilete frå 60 – 70 talet der mange i salen kjende seg sjølv att i skulestova – også folk frå bileta av den eldre generasjonen i den tida som

no er borte. Vidare vart det ein quiz med utgangspunkt i lokale bilete.

Etter at dette programmet var over var det kjekt å sjå at folk ikkje var klare for å ta på heimveg! Dei flokka seg rundt gamle bilete som dei hadde teke med, og praten gjekk lysteleg med diskusjonar omkring kva som var kva og kven som var kven. Frå dei eldste bileta frå bygda var det to hus frå rundt århundreskiftet 1800/1900 som ingen kjende til. Ein kommentar eg høyrde: «desse bygningane må vi finna ut av, og berre det gjer at vi må ha ein ny slik mimrekveld når kveldane mørknar att»!»

Mange bilete vart framvist denne kvelden, og svært mange har vi liggjande som det ikkje vart tid til. For å ta fram eit eksempel – sjå på dette biletet frå høving frå eit landnotkast på Vågen på Solheim. Biletet er frå 60-talet, og illustrerer både spenning og forviteskap

både frå gamal og ung. Og tidstypiske oljefrakkar! Dei vaksne vart rimeleg kjapt identifisert denne mimrekvelden på olheim, men ungane hadde sydvestane sine så langt ned over øyrene at dei var verre å kjenna att.

Tilbakemeldingane etter denne kvelden har vore positive, og mange har signalisert at dette må vi gjera igjen. Og slik vert det nok.

Kjartan Sandnes

FOREDRAG OG MATLAGINGSKURS TANG OG TARE MED “SANKAREN” FRÅ FEDJE

Er du interessert i matlaging og bruk av lokale råvarer? Bli med og lær korleis du kan bruke kortereiste (eller ureiste) matvarer i matlaginga. Få inspirasjon og prøv sjølv, på dette spanande kurset med tang og tare i fokus. Me avslutter kvelden med å smake på våre eigne retter.

Sankaren, Jostein Husa, jobbar med å skape velsmakande rettar med ressursane han finn i nærområdet. «Dei gode smakane skal ikkje etast på ein dyr restaurant i byn, dei skal etast der dei kjem frå,» er Sankeren sin filosofi.

Velkomen til ein inspirerende kveld om eit høgst aktuelt tema.

Arrangementet er gratis.

Passar for vaksne, men også for ungdom og dei eldste barna.

Om berekraft, biosfære og bibliotek

Berekraft, biosfære og bibliotek er eit prosjekt av biblioteka i Nordhordland som saman rettar fokus på biblioteket si rolle som møteplass og formidlar innan berekraft, FN sine berekraftsmål og Nordhordland som UNESCO biosfæreområde. Prosjektet samarbeider med Nordhordland biosfæreområde og lokale organisasjonar i regionen om ulike arrangement, samtaler og treff i prosjektperioden.

Eit UNESCO biosfæreområde arbeider for berekraftig utvikling der ein skal ta vare på det biologiske og kulturelle mangfaldet, og vidareutvikle lokalsamfunnet i ei berekraftig retning.

Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Gulen, Osterøy og Vaksdal er i prosjektet, og vil alle ha ulike arrangement

Måndag 8. April kl. 18.00

På Sandnes filial (biblioteket på skulen)



knytt til temaet i tida framover. Prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket.

Tekst: Andrea Horgen Kvinge, Masfjorden folkebibliotek

INFO FRÅ NORDBYGDA SAMFUNNSHUS



Styret i Nordbygda samfunnshus har starta med nyhetsbrev, der det vert delt informasjon til brukarar og innbyggjarar. Heile brevet kan du lesa på Facebook-sida til samfunnshuset. Her eit lite utdrag:

Kva er blitt utbetra i huset dei siste åra- i korte trekk.

2017:

To av fire veggar utandørs malt i lysegrå farge.

2020:

Nytt tak etter taklekkasje. Mykje arbeid inne også, då enkelte veggar også hadde fått vasskade. Det vart bygd nytt toalettanlegg i kjeller.

2021:

Totalrenovert kjøkkenet, bestilt frå Norrøna Storkjøkken. Lån måtte innvilgast, men fekk også gode støttemidlar og **enorm** dugnadsinnsats. Oppgradering på kafeteria med mellom anna ny kjøkkenbenk. Matsal; Malt veggar, dører og vindauge – samt beis av panel. Fekk hjelp frå skuleungdom til rydding inne/ute, og maling.

2022:

Tre varmepumper montert.

Toaletta i hovudetasje fekk seg ein oppgradering med maling og utbytting av div, samt montert stallebord på HC-toalett.

Dør og vindauge nede malt utandørs. Litt rydding av skog rundt huset. Vaska og malt resterande to vegger

som var raude (betalt arbeid utført av Gagns AS). Montert nye vindauge i storsal pga. råteskader. Malt diverse i storsal, samt takbjelkar med lånt stillas frå HAFS.

2023:

Fjerde varmepumpe montert. Ny bardisk montert i kafeteria.

Stor dugnad utvendig med rydding av skog og bed, samt spyling av murar.

Renovert eine garderoberoommet etter vassrør- skade, med hjelp frå forsikringa.

Varmepumper

Me har totalt fått inn fire varmepumper på huset, som skal gje huset ein meir stabil varme, og forhåpentlegvis bidra til lågare straumrekningar framover. Desse er fordelt slik:

To i storsal, ei i kafeteria og ei i matsal. Det er og behov for ei varmepumpe på kjøkkenet.

I tillegg er det installert to vifter i tak på storsal for betre varmfordeling i rommet. Varmepumpene har stort sett fungert bra, og me styrer dei frå app, men nokre utfordringar har me hatt. Diverre har dei nokre gonger slått seg ut på jordfeil, mens det i app'en ser ut til at dei er i full drift. Dette har me tatt tak i saman med leverandør av varmepumpene – så me håpar på rask betring der.

Ta kontakt med styret dersom de opplever utfordringar med varmestyringa!

Nye bord og stolar til huset

I 2022 fekk samfunnshuset innvilga kr 180 000 av Ildsjelfondet til Sparebanken Vest til nye bord og stolar. Me har ikkje før no i 2024 gått for innkjøp, då me eigentleg ville vente til me hadde heile kapitalen til å kjøpe inn til heile huset. Men no har me altså bestilt inn bord og bankettstolar til matsal og kafeteria! Det blir ei glede å få desse på plass, og me håpar brukarar også blir nøgde. Dette medfører at me vil få ein del overskot av dei raude stolane, samt bord. Nokon tek me vare på til evt. utleige og arrangement der stoffstolar kanskje ikkje er det luraste valet med tanke på reingjering. Dersom du eller di bedrift har behov for stolar eller bord; ta kontakt med oss i styret for å avtale ein god pris. Overskot vil gå med til vidare oppgraderingar.

Utleige

Utleigeansvarleg er Silje Sjursæter Halland
silje.sjursaeter@gmail.com
93246197

Prisliste per 2024

Kafeteria møte m/kjøkken	930kr
Kafeteria fest	1150kr
Storsalen u/kjøkken	2890kr
Storsalen m/kjøkken	3480kr
Matsal m/kjøkken	1740kr
Heile huset	4045kr
Heile huset helg	5240kr

*Gjeld fredag - søndag, med moglegheit til utviding for 1000kr pr ekstra døgn.

Tekst: Silje Sjursæter Halland



Frå utdeling av sjekk i november 2022, der Silje stilte med(forhåpentlegvis) ei framtidig brukar av huset.

Foto: Anne-Lise Nordpoll (Strilen)



Foto: Gøril Sætre

UTVALSMØTE I MASFJORDEN KOMMUNE



Eg har sidan hausten 2023 vore tilhøyrar på ulike utvalsmøte i kommunen. Eg har vore innom kommunestyret, formannskapet, teknisk utval og kontrollutvalet.

Dette har gjeve betre innsikt i kommunen sin struktur og funksjon, samhandlinga mellom administrasjonen og det politiske systemet, og forvaltning av kommunen sine ressursar og økonomi. Som tilhøyrar får ein følge diskusjonane, meningsutvekslingane, og får då tileigna seg mykje informasjon som ikkje nødvendigvis må, treng eller skal først i møteprotokollen. Og så er det spanande å sjå når og korleis dei ulike partia «bringer til torgs» lovnadene dei gav ved kommunevalet.

Sjølv om kommunen vil få Kommune-tv i nær framtid, der kommunestyremøtet vil verta vist, er det likevel interessant å følgja dei andre utvalsmøta.

Det er god plass til mange tilhøyrarar!

Øystein Hagesæther

“KOR SKA VI REIS HEN?”



Du har sikkert høyrd denne frasen mange gongar, og spesielt rundt påsketider i NRK. Masfjordingane har adoptert uttrykket, og på Facebook vert det nesten dagleg lagt ut finurlege bilete der ein skal finna ut kvar i Masfjorden dette biletet er frå. Men uttrykket har altså si rot i NRK, og det er påskelabyrintgeneralen Viggo Valle som er opphav til uttrykket. Eg tok meg likegodt ein prat med Viggo Valle i eigen person.

Kan du fortelja litt om deg sjølv?

Viggo fortel gladeleg.

-Eg er ein mann på 69 år og har jobba i NRK i 46 av dei! Eg starta utdanninga mi som program- ingeniør, har arbeidd litt som tekniskar, men jobba meir og meir framfor mikrofonen som journalist, og arbeider no til dagleg i NRK P1+ med programma «Frokostradioen» og «I Godt Selskap».

Kva gjer du på elles når du ikkje driv med Påskelabyrinten eller radio?

-På fritida har eg fleire interesser, blant anna er eg kommentator for fotballklubben Stjørdals-Blink som spelar i Postnordligaen. For ei lita stund sidan laga eg ein quiz for alle som høyrer til i klubben og for andre folk som føler dei har ein tilknytning til klubben. Då lagar eg alle spørsmåla sjølv - det er liksom blitt varemerket mitt for meg å halda på med quiz!

Kva var ideen bak Påskelabyrinten og nøyaktig korleis starta det?

-Det er ein spennande historie, fortel han. - Eg og ein annan tekniskar- kollega var på studietur til Sverige og der fekk me vera med på eit quiz- program og tenkte

tanken om ein Julelabyrint. Det var ikkje vanleg at tekniskarar fekk laga program, men me fekk lov. Programmet vart til på NRK P2 og sendt i jula 1986. Dette gav meirsmak og me laga ein Påskelabyrint i 1987 - dette var starten!

Det vart mykje jobb med to store quizer og difor gav me oss med Julelabyrinten i 1990.

Etter dette meldte kollegaen min seg ut og eg fekk eineansvar for heile programmet, både som programleiar og oppgåvemaker.

I 1994 begynte programmet å gå på NRK P1 i staden for NRK P2, dei siste 10 år har det blitt sendt på NRK P1+ sidan starten i 2013. Dei siste år har det i tillegg gått på TV på NRK 1.

Hugsar du namna på alle vinnarane av Påskelabyrinten sidan oppstarten i 1987?

-Neei.. men eg har notert opp alle vinnarane og kven som var produsent og kva reisemål dei endte opp på.

Eg lurar på kor mange oppgåver du lager til ein sesong?

-Då lagar eg 70 oppgåver. Gjennomsnittleg i moderne versjon med Google klarar deltakarane om lag 11 oppgåver i kvar episode. Så då har eg fire ekstraoppgåver på lur.

Det vil seia at i løpet av alle desse år har det vorte nesten 2600 oppgåver til saman.

Når på året begynner du å tenka på oppgåver til labyrinten?

Viggo fortel at han tek inn informasjon gjennom heile året, og begynner allereie når han har hatt ferien sin etter påske. Han tek permisjon frå ordinær jobb i P1+ etter nyttår og arbeider då for fullt med å systematisera dei opplysningane han har tenkt på og lagar oppgåver av dei.

Er det du som lagar alle oppgåvene eller får du hjelp? Det er i hovudsak eg som lagar alle oppgåvene, men ein god kollega som heiter Erik Skarrud spurte meg for nokre år sidan om han kunne få lov å lage ei oppgåve, og det har han fått lov til kvart år sidan!

Kva oppgåve i labyrinten er du mest nøgd med? Det synest Påskelabyrint-generalen er vanskeleg å svare på. Han tenker litt. -Den største opplevinga i samband med ei oppgåve var då eg fekk samla Nidarosdommens guttekor til å nynne «Jerusalem» berre for meg i sjølvaste Nidarosdommen. Det var stort! Hugsar det godt, sjølv om det kanskje er 10 år sidan no.

Kan du namn på alle kommuner i Noreg?

-Hahaha, nei, eg skal ikkje skryta på meg det. Men eg trur eg kan seia kva fylke dei ligg i.

Kva er det som gjer at labyrinten alltid er innom Finnmark?

-Eg budde i dette fylket i fem år og vart difor godt kjent med dei fine folka som budde der. Og eg merka at folk i Sør-Noreg ikkje kan så mykje om Finnmark. Difor bestemte eg meg for å alltid ha med ei oppgåve derifrå. Eg får ofte henvendelser fra finnmarkinger at det er kjekt med ei oppgåve fra det fine fylket.

Synest du det er gøy at labyrinten går på tv i tillegg til radio?

-Både ja og nei, smiler han. - Det er jo kjekt at folk ser korleis Påskelabyrinten fungerer, men det er jo også meir arbeid. I tillegg til at ein må tenke på korleis ein ser ut og korleis ein kler seg, må eg bli sminka før eg skal på TV, det treng eg ikkje når eg er på radioen.

Eller jo, eg synest jo det er veldig kjekt også med TV-sendingar, då er det endå fleire som både ser og høyrer programmet mitt!

Kor mange lyttarar og sjåar har du i ein sesong av Påskelabyrinten?

-Med både NRK P1, NRK P1+ og NRK1 vert det til saman om lag åtte-nihundre tusen både sjåarar og lyttarar!

Er du nervøs før ei sending?

Eg er ikkje så ofte nervøs lenger sidan eg har halde på så lenge, men eg er ofte spent på om skattejegerane klarer å imponere både meg og dei som både høyrer og ser på!

Heilt til slutt spør eg om ein ting eg lurar på:

-Karis- Pers Polska som du har hatt med i alle år - korleis blei den til?

-Den skal fortelja lyttarane kva telefon-nummer vi har, men den oppstod av at eg skulle lage eit rim og sjå kor mange ord som rima på «jakt» og dermed fekk eg laga ein takt saman med Svein Nyhus kvartett. Men i 2023 vart det gjort nyinnspeling av låten med P.A Røstads orkester, og det er nok den du får høyra i år og.

Dette vart ein veldig kjekk samtale. Det var så lett å prata med Viggo. Og ekstra gøy var det fordi eg er så glad i å høyra på radio. Nokre dagar etter intervjuet kom det ei bok i posten, «Påskelabyrinten» av Viggo Valle. Så stas å få boka frå sjølvaste Påskelabyrint-generalen!

Men eg er litt uroleg for framtida til programmet. Viggo er snart pensjonist og kven skal då overta, dersom det i heile tatt blir nokon Påskelabyrint i

framtida? Eg håper det vert ei ordning og at programmet består!

Du kan høyra Påskelabyrinten måndag til-laurdag i påskeveka mellom kl 1003 og kl 11.00, med stor finale på påskeaftan.

-Gled dykk til den siste påskelabyrinten som kjem frå mi hand, avsluttar Viggo Valle.

Tekst: Jo Ronald Mjanger



Velkommen til Vårfest for pensjonistar

på Nordbygda samfunnshus, fredag 12. april-24 kl. 13.15




Festtalar:
Oddny Miljeteig

Musikk ved BTB (Bandet Til Bestefar)
Kulturskuleinnslag
Lovisa Midtbø
mm

Det vert servert
middag, dessert og kaffi
Pris pr. person kr. 400

Påmelding innan 6. april til:
Ivar Haukeland Tlf. 481 15 031 eller
Inger Jåstad Tlf. 959 95 024 eller
Alf Strand Tlf. 416 10 978



Arr. Pensjonistforbundet
Nordbygda



BASISBALL-TRENING PÅ Kvingo



Kvar onsdag etter jul har det vore ganske så sveitt aktivitet i lokalet på Snikkarbua. Her har 10 til 20 personer frå begge kjønn og i alderen 10 til 85 år hatt BasisBall-trening.

Kva er Basisball?

Dette er styrketrening med BasisBallar til musikk. Ei treningsøkt med BasisBall gir deg ei komplett treningseffekt. Hovudfokus i treningsøkta er allsidig og funksjonell basistrening. Enkelt og gøy. Gjennom BasisBall-treninga vil du raskt merka betre kroppskontroll, du blir meir mobil, det blir lettare å koordinera bevegelser, du får betre balanse og kjernekontroll. Treningsforma er skadeforebyggande

og noko av det beste ein kan gjera for kroppen sin for å utvikle sin fysiske kapasitet.

Kvinge helselag har kjøpt inn BasisBallane og fysioterapeut Gro Serine Baarøy har leia treningsøktene. Det er flott oppslutning frå heile stranda.

Har du lyst å vera med så kom til Kvingo og Snikkarbua onsdagar kl. 18.00. Fram til sommaren er dette tilbodet gratis.

Tekst og foto: Wenke Ekren



Kulturskulen er ute med ny cd

I desse dagar er kulturskulen ute med nye innspelningar. Kulturskulen har sidan 2012 gitt ut 5 cd-ar + ein julecd. Tida for cd-ar er på hell, så me har bestemt oss for at denne utgjevinga vert digital. Rundt påsketider kan du høyra alle dei 30 innspelingane på Spotify om du søker Masfjorden kulturskule. Utgjevinga har fått tittelen « Terningkast 6! » så det skulle borga for kvalitet.

Og her er det mange godbitar! Du kan høyra alt frå sjarmerande nybegynnarar til rutinerte vidarekomne elevar. Ungdommane på Masfjorden bu- og aktivitetssenter har og bidrege med fleire innslag.

Alle innspelingane er gjort i studioet til kulturskulelærar Jon Martin Skaug dei to siste åra.

-For meg er det eit privilegium å få besøk av elevar i studioet, seier han. -Elevane lærer utruleg mykje av å arbeida i studioet, høyra seg sjølv og bli «konfrontert» med sine eigne innspelningar. Og eg trur elevane synest det er stas å vera her, at dei har eit slikt konkret mål å arbeida mot. Nesten slik at dei ikkje vil gå når dei er ferdige. Og sjølv lærer eg mykje av arbeidet, både gjennom korleis eg best kan rettleia dei, i tillegg til arbeidet med sjølv produksjonen. Å ferdigstillast kvar innspeling er givande, men også tidkrevjande arbeid.

Elevane i kulturskulen i Masfjorden er heldige som har eit slikt tilbod!

Håpar du likar det du høyrer!

Helsing kulturskulen

INSPIRERANDE SAMSPELEDAG

25 forventningsfulle ungdommar. Gitarar, forsterkarar, mikrofonar, trommesett og elpiano i lange baner. Ferskingar og meir rutinerde utøvarar frå Gulen og Masfjorden har benka seg i gymsalen på Nordbygda skule og er klare for samspeledag.

Dei seks instruktørane ønsker velkommen med fengande låtar og tøffe riff. -Desse låtane som me spelar skal de få læra i løpet av dagen, seier Jon Martin Skauge. - I dag skal me ha det moro. Me håpar på at de skal få ei wow-oppleving av kor gøy musikk kan vera, og spesielt i samspel med andre. Me håpar de etter denne dagen reiser heim med stor motivasjon til vidare speling og øving, seier han.

Første del av dagen er deltakarane delt inn i instrumentgrupper; slagverk, vokal, tangent og tre gitargrupper. Alle gruppene har som mål at dei skal læra seg låtane instruktørane har plukka ut. I tillegg vert det i kvar gruppe jobba med meir spesifikke sider ved dei ulike instrumenta.

Det vert jobba intenst og gruppene gløymer nesten å ta pausar.

Etter kvart som ungdommane begynner å få kontroll på låtane går grupper saman i samspel. Stemninga er god og dei entusiastiske instruktørane applauderer og skryt over kor raskt ungdommane lærer seg alt det nye.

Etter ein velfortent matbit og litt meir gruppeøving møtest alle i gymsalen igjen. Meir enn 30 musikantar i eitt band, kan det gå? Jau, visst! Dette fungerer jo som ei kule! Meir applaudering og skryt frå instruktørane! Held de fram på denne måten og i dette tempoet går me tom for låtar å læra dykk, seier seier tangentinstruktør Christian Øvreaas med eit smil. Så nærmar klokka seg fire, og foreldre og familie til kursdeltakarane kjem spent inn i gymsalen for å høyra kva dei håpefulle har lært gjennom meir enn seks intense øvingstimar. Og når «storbandet» drar i gang «Happy», «You never can tell» og «Beat it» nikkar dei i salen anerkjennande til kvarandre, smiler og er nok ganske så imponert over alt deltakarane har fått med seg på så kort tid.

Takk til alle for ein superfin dag prega av entusiasme og godt humør. Og ei stor takk til instruktørane Stine Karin Sæle, Vivian Steinsland, Jaemie Callender Walde, Christian Øvreaas, Mikael Chauvet Jørgensen og Jon Martin Skauge for inspirerende instruksjon.

Tiltaket er eit samarbeid mellom kultureiningane i Gulen og Masfjorden og er eitt av dei tre tiltaka som

kunne realiserast takka vera økonomisk prosjektstøtte frå UKM.

I tillegg til band- workshop har kommunane i januar og februar arrangert UKM- workshop i graffiti og dans, med svært god deltaking.

Fredag 15.mars arrangerer Gulen si lokalmønstring av UKM, på Dalsøyra. Då kan både gulingar og masfjordingar i alderen 10-20 år melda seg på og visa fram det dei kan og som interesserer dei.

Tekst og foto: Frank Kvinge



KULTURSKULEVEKA

Når vinter går mot vår har kulturskuleelevane tradisjon for å invitera til konsertar og utstillingar for familie og venner. I skrivande stund har det vore konsertar på Matre og Nordbygda. Sandnes-konserten vert i neste veke.

Det er stor stas for elevane å visa fram det dei har øvd inn gjennom vinteren og det blir alltid konsertar prega av entusiasme og god stemning. For ein del elevar er dette kanskje første gong dei opptrer.

I år har konsertane fokus på samspel. Elevar som vanlegvis ikkje spelar saman har danna grupper med besetningar som høver godt saman. Og dette ser ut til å slå godt an både hjå utøvarane sjølv, og hjå publikum. For oss som arbeider med elevane er det fint å

oppleva framgangen frå konsert til konsert.

«Villsau og bygdedyr»

Idar deltok med songinnslag på Matre-konserten og var i tillegg stødig trommis i ei samspelgruppe. I si framføring av «Villsau og bygdedyr» fekk han verkeleg låten fram hjå publikum. Visa er skriven av Arne Høyland og handlar om «humørbonden på Hjelmås»


Kunstutstilling

Dei åtte elevane i Kunstgruppa på Nordbygda hadde saman med lærar Anne Marit Palmer laga til ei svært vakker og fargerik måleriutstilling. Utstillinga kan du sjå i vestibylen på skulen fram til påske og deretter i biblioteket.

I år blir kunst-tilbodet gjennomført i fire bolkar, der to av bolkane har fokus på måling, og dei to andre på toving, med Åse Tyse Midtbø som lærar.

Urframføring av «Arekletten»

På desse arrangementa dukkar det alltid opp små overraskingar. I år fekk me mellom anna oppleva ein nyskriven og artig rockelåt om Arekletten, med David (frå Arekletten) på slagverk og Endre (frå Duesund/Nesjane) på gitar og vokal. Songen handlar om kor trasig det er å bu i Duesund og sjå utover til vakre Arekletten:



Der eg bur er det ikkje gøy,
oppdrettsanlegget lagar mykje støy.
Bilen min er ein gammal sak,
min sans for motar den er litt svak.
På sommaren er stor forskjell,
kan høyrast ut som ein bagatell,
når eg fiskar får eg berre makrell,
Arekletten har meir appell!

Arekletten, det er der eg vil bu.
Leve i Arekletten!
Arekletten – alle andre er sjalu.
Leve i Arekletten!

Alle plenane er klypt så flott.
I hagen min går det ganske trått,
fullt av ugras overalt
og huset mitt er ganske kaldt.
Då drøyer eg om badeliv
etter kommunalt regulativ.
Eg må ta eit initiativ,
treng ikkje dra til Tel Aviv.

Arekletten, det er der eg vil bu.
Leve i Arekletten!
Arekletten – alle andre er sjalu
Leve i Arekletten!

Ny utgjeving

Kulturskulen si siste utgjeving; «Terningkast 6!» vart presentert. Publikum fekk over lydanlegget høyra smakebitar av alle dei 30 låtane som kulturskuleelevar har spelt inn sidan sist utgjeving «High five». Eit imponerende flott produkt! Snart kan du høyra alle innspelingane på Spotify!

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Frank Kvinge og Endre Nystrand



Sigríð Moldestad kjem til Masfjorden

Kvamsdals fargerí måndag 29. april kl 1900

Set av måndag 29.april. Då vitjar Sigríð Moldestad Masfjorden og
Kvamsdals fargerí med solo-konsertframsyninga
«Med kjærleik frå Breim».

Det er lagt ut 60 billetter til konserten, så her gjeld det å vera om seg.

Billetter kjøper du her:

<https://www.eventim.no/eventseries/3596521/?affiliate=FK3>

Arr. Masfjorden kommune

Sigríð Moldestad legg for fyrste gong ut på ein akustisk soloturne vinteren 2024. Her tek ho utgangspunkt i bokplata "Breim" som kom ut i haust. Det blir personlege historier, poesi, slåttar og songar. Eit nært møte med musikk ho har sitt hjarte i. Sigríð inviterer publikum til unike små spelestader som kler både musikken og feleforteljingane ho har med seg.

Sigríð Moldestad er kjend for si sterke formidling. Enten det er folkemusikk eller eigne tekstar og songar. Ho har gjeve ut 7 soloalbum, dei to siste kom i 2023: "Regndråpeborna" med barnedikt av Jan-Magnus Bruheim, og folkemusikkplata "Breim". Ho fekk Spellemannsprisen for den første soloalbumet si "Taus" i 2007 som handla om musikk etter kvinnelege felespelarar på Nord-Vestlandet. Har motteke ei rekke andre prisar og utmerkingar for arbeidet sitt. Ho har også investert mykje tid i prosjektet "Pederhuset" i heimbygda Breim. Prosessen med å restaurere det gamle spelemannshuset vart mellom anna ein tv-dokumentar på NRK. Sigríð Moldestad har i tillegg til musikken jobba som skodespelar i fleire produksjonar i på Det Vestnorske Teateret, Teater Vestland og Den nasjonale scene i Bergen.

Tekst: Frank Kvinge, kulturskulerektor

ELEVOPPTAK I KULTURSKULEN FOR SKULEÅRET 2024-2025



Søknadsfrist for inn- og utmelding er **1.mai**

Informasjon om kurstilbud, inn- og utmelding, elevbetaling mm finn du på kommunen si heimeside, her:

<https://www.masfjorden.kommune.no/innhald/oppvekst-og-undervisning/masfjorden-kulturskule-masfjorden-idrettsskule/masfjorden-kulturskule/>

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål knytt til søkeprosessen. 56 16 62 00 / 97061230

Velkommen i kulturskulen!

Tekst og foto: Frank Kvinge

BRUGRUPPA



Det har vore mykje godt arbeid gjort i samband med realisering av Masfjordbrua i åra som har gått. Med ny kommunestyregruppe og ny ordførar såg ein no behovet for ei dedikert gruppe som kan arbeide ilag mot det store, felles målet; Masfjordsambandet.

Gruppa er sett saman av desse personane:

Erlend Kvamsdal, ordførar (H). Geir Egil Haugsvær, varaordførar (Sp). Aina Sleire, kommunestyrerepresentant (Ap) Karstein Totland, tidlegare ordførar. Svein Helge Hofslundsengen, rådmann.

Brugruppa hadde sitt første møte den 3. januar. Da la me ein plan for kva me skulle jobbe med framover. Me har hatt 3 møte i vinter forutan mykje telefonkontakt utanom. Hovudmålet er eit oppstartsvedtak i junimøtet til Fylkestinget.

Me har jobba med å fornye brosjyren om Masfjordsambandet, og jobba med å argumentera for kvifor Masfjordsambandet må prioriterast og kva som er historia bak vedtaka som er gjort. Dette for å sikre at me får eit oppstartsvedtak i juni. Stikkord på arbeid me har gjort er informasjonsutveksling med fylkesadministrasjonen, presentasjon i Regionrådet og felles uttale frå Regionrådet, og arbeid opp mot

politisk leiing i fylket. Arbeid med planverket til brua og optimalisering der er også prioritert.

Tekst: Erlend Kvamsdal

Foto: Sigrun Haugsdal Reknes

GLIMT FRÅ “DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN”

Den kulturelle spaserstokken handlar om å gje gode kulturtilbod til eldre.

Onsdag 6.mars vitja Linda Fosse seniorsamlinga på Sandnes og eldrekafeén på sjukeheimen med « Vi skal ikkje sova bort sumarnatta», ei gripande framsyning om Aslaug Låstad Lygre sitt liv og diktning.

Måndag 29. april kjem Kurt Hatten tilbake til sjukeheimen kl 12 og i slutten av mai kjem Bjørn

Engelbrektsson på besøk med kjende og humørfylte låtar.

Konsertane er opne for alle. Det har vore kjekt og høgtid når me har fylt storstova på sjukeheimen med bebuarar, tilsette, bygdefolk, pensjonistar, dyktige artistar og flotte kulturprogram. Og ein prat og kaffikopp i etterkant. Velkomen!

Masfjorden kommune, kultur



KOMMUNALE TILSKOT PÅ KULTUROMRÅDET

Søknadsfristar for å søkja om tilskot på kulturområdet samt framlegg til kulturpriskandidat for 2024 er 15. april.

Elektronisk søknadsskjema for kulturmidlar på heimesida under «[Skjema og digital post](https://multiform.kf.no/cng/IKTNH/Kulturmidlar_MA)» eller her: https://multiform.kf.no/cng/IKTNH/Kulturmidlar_MA

Kulturmidlar

Kulturmidlar er driftstilskot tildelt lag og organisasjonar.

Alle søkjarar må senda inn årsmelding og rekneskap som vedlegg til søknaden. Når du søker hakar du av for ålment kulturarbeid og A på side 3 i skjemaet.

Særskilde kulturtiltak

Ein del av summen som er sett av til kulturmidlar er øymerkt særskilde kulturtiltak i regi av laga.

Arrangør av slike kulturtiltak kan gjennom året søkja tilskot frå desse midlane.

Gje ein kort presentasjon av tiltaket inkludert budsjett. Ein nyttar same elektroniske skjema som til kulturmidlar, men hakar av for Anna og at søknaden gjeld C: Tilskot til særskilde arrangement på s.3.

Kulturtiltaksmidlar

Dette er midlar som skal stimulera lokalt næringsliv og andre aktørar til å stå som kulturarrangør, slik at ein i kommunen kan tilby varierte og gode kulturopplevingar. Det er sett av kr 100 000 over Kraftfondbudsjettet til slike tiltak for 2024.

Ein nyttar same digitale skjema som til kulturmidlar, men hakar av for Anna og C: Tilskot til særskilde arrangement på s.3.

Kulturvernmidlar

Kommunen gjev tilskot til restaurering/istandsetjing av eldre bygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne som ligg innan for Masfjorden kommune sine grenser. Eigarar av slike kulturminne kan søkja tilskot frå desse midlane. Det er sett av kr 70 000 til slike tiltak for 2024.

Ein nyttar same digitale skjema som til kulturmidlar, men hakar av for Anna på s.3.

Kandidat til kulturprisen

Har du framlegg til nokon som du meiner fortener kulturprisen? Målet med prisen er å gje ei utmerking til eit lag, ein organisasjon eller ein privatperson som har gjort ein stor innsats innan kunst- og kulturlivet i kommunen. Prisen skal stimulera til auka engasjement for frivillig arbeid.

Rettleiing til søknad.

Dessverre er søknadsskjemaet eit fellesskjema for heile regionen, og Masfjorden kommune får ikkje tilpassa skjema til sitt behov.

Ver difor merksam på:

Når du søker kulturmidlar: På *Tiltaket side 3* kryssar du av ålment kulturarbeid og på A

Når du søker særskilde kulturtiltak: På *Tiltaket side 3* kryssar du på Anna og C

Når du søker kulturtiltaksmidlar: På *Tiltaket side 3* kryssar du av på Anna og C

Når du søker kulturvernmidlar: På *Tiltaket side 3* kryssar du av for Anna

Når du søker kulturmidlar: På *Vedlegg side 7* er det nok at du sender godkjend rekneskap og årsmelding. For dei andre kategoriane: På *Vedlegg side 7* er det nok at du sender inn budsjett for tiltaket.

Framlegg til kulturpriskandidat sender du direkte til Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 Masfjordnes

post@masfjorden.kommune.no

Ta kontakt med kommunen dersom du har spørsmål i samband med søknadsprosessen:

Kulturskulen@masfjorden.kommune.no

56 16 6200/ 97061230

Velkommen som søker!

Tekst og foto: Frank Kvinge, leiar kultur



BOKBAD MED GUNNAR STAALESEN



Fredag 15. mars var det bokbad på Sandneskaféen 2728. Nils Kvamsdal intervjuar forfattaren Gunnar Staalesen – og ein fullsett kafé fekk innsyn i Staalesen sitt forfattarskap.

Gunnar Staalesen er ein av våre mest kjende og produktive forfattarar. Han er mest kjend for bøkene om privatdetektiven Varg Veum – sjølv om han reknar «Bergenstriologien» som sitt hovudverk. Han arbeidde som informasjonssekretær ved Den Nationale Scene i Bergen i 13 år, før han vart forfattar på heiltid. I tillegg til krimbøkene har han også skrive skodespel, teikneseriar og barne/ungdomsbøker. Og sjølv om han no har runda 76 år så skriv han framleis bøker.

Den siste boka hans om privatdetektiven Varg Veum kom ut i 2023, og der føregår handlinga i Masfjorden. Boka heiter «Forfulgt av død» og det er den oppdikta plassen «Solvik» som er staden for dramatikken. Både oppdrettsanlegg, lensmannen og kommunehuset med ordførar er med i boka. Staalesen understreka at alle involverte personar i boka er oppdikta – slik dei også er i dei andre krimbøkene han skriv.

Etter at Nils Kvamsdal var ferdig med sitt intervju, fekk publikum høve til å stilla spørsmål. Til slutt kunne ein få kjøpa signerte bøker frå forfattaren.



Masfjorden folkebibliotek har mange av bøkene til Gunnar Staalesen og alle er hjarteleg velkomne for å låna!

Redaksjonen

TØRN-PROSJEKTET I MASFJORDEN

Sjukeheimen og heimetenesta har delteke i prosjektet TØRN – som har sett på mogelegheiter for omstrukturering, rett ressurs- og tidsbruk, slik at ein er rusta for framtida.

Hovudmål for TØRN-prosjektet: «Vere ein attraktiv arbeidsplass som har fokus på god arbeidsfordeling, struktur og fagutvikling, som igjen bidreg til auke brukarkvalitet». Kort fortalt så har det i prosjektet vore fokus på kompetanseheving, riktig bruk av kompetanse, betring av rutinar og god fordeling av arbeidsoppgåver. Som ein del av TØRN-prosjektet har sjukeheimen i februar 2024 starta opp med langvakter for tilsette som ynskjer det. Målet med langvakter er å sikre krav om kompetanse, betre kontinuiteten for bebuarane og at tilsette får meir tilpassa turnus.

I heimetenesta har me fått to nye tilsette som berre har praktisk bistand som frigjer meir tid til andre oppgåver. I tillegg er det blitt flytta nokre tekniske (ikkje helserelaterte) arbeidsoppgåver ut av heimetenesta og over til andre instansar.

Sjølv om prosjektet no er avslutta vil arbeidet halde fram i 2024.

Endring i vaktoppsett på sjukeheimen:

- Føler meg meir opplagt

Trass slitande arbeid og helseutfordringar har May Wenche berre positive tilbakemeldingar etter at ho og dei fleste andre på Masfjorden sjukeheim nyleg starta med langvakter.

May Wenche Lilletvedt har vore tilsett i helsevesenet i Masfjorden kommune i 25 år. Mykje av denne tida har ho vore på sjukeheimen, og er for mange eit kjent fjes i gangane der. I mange år hadde ho vervet verneombod, og har opp gjennom åra gjort seg mange erfaringar om korleis ein får arbeidskvardagen best mogleg.

-Når me fekk vite om endringa som skulle gjerast i forhold til vaktene våre bestemte eg meg for å ha eit ope sinn og stille meg positiv til dette. Sjølv om ein gjerne har utfordringar, enten det gjeld helse eller



familie på heimebane så er det verdt forsøket. Kanskje det fungerer betre enn den vanlege arbeidskvardagen me er vane med? May Wenche fortel at ho kjenner seg meir opplagt enn tidlegare. Når ein tidlegare jobba frå 7-15 startar ein no gjerne halvanna time seinare enn ei vanleg tidlegvakt, og er ferdig tidlegare enn ei vanleg seinvakt. Og med ein heil time pause midt på dagen, der ein kan trekkje seg heilt vekk frå arbeidsplassen, vert det heller ikkje for slitsamt.

Betre oversikt

Med langvakter samlar ein mange timar per vakt. Det utgjør mange ekstra fridagar.

-Det er heilt fantastisk. Eg har fleire gongar ei heil veke fri i strekk, det kjennest ut som ferie. Og eg trur at det vil verte lettare å ta på seg ei ekstravakt dersom det er krise på jobben, sidan friperiodane ofte er lange, seier May Wenche.

Tanken bak desse langvaktene er dessutan å lage endå meir stabilitet for bebuarane på sjukeheimen. -Ein får ei anna ro når ein har vore der heile dagen, og ein har betre innsikt i korleis dagen til den enkelte pasient er. Me får betre oversikt, og moglegheit til å følgje betre opp gjennom heile dagen.

Best mogleg arbeidskvardag

Alle tilsette har sjølv tatt ei vurdering på kva type vakter ein vil gå. Sjølv om dei aller fleste er i gang med å prøve ut langvakter, er det ein del som held fram i same vaktordning som før. Det handlar gjerne om livssituasjon og private prioriteringar. Turnusen er lagt opp slik at dette skal fungere for begge dei ulike vaktordningane, og til saman utgjere eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette og best mogleg kvardag for brukarar.

Tekst: Frida Eide, prosjektleiar for TØRN

Foto: Privat

Masfjorden kommune inviterer til

DIALOGMØTE OM FRIVILLIG- ARBEID

Stad: Nordbygda skule/gymsal
Onsdag 10.april, kl 18.00-20.15

Foredragshaldar : Pål Hafstad Thorsen.

Me er så heldig å få Pål H Thorsen til Masfjorden. Han har god erfaring innan frivillig arbeid og skal leie oss gjennom kvelden med foredrag og gruppearbeid.

Det blir servert enkel mat og drikke frå kl 17.45.

Masfjorden kommune etablerte i 2023 Masfjorden frivilligsentral. Masfjorden har mange flotte frivillige eldsjeler som bidreg stort til samfunnsutvikling på ulike måtar. Masfjorden frivilligsentral vil spele ei viktig rolle som knutepunkt og koordinerande kraft i dette arbeidet.

- ✓ Masfjorden kommune ønskjer innspel på korleis kommunen kan leggje til rette for gode villkår for frivillig arbeid.
- ✓ Kom med innspel til frivilligstrategi (frivilligpolitisk plan) og handling- og målplan for frivilligsentralen.



Håper å sjå deg der :)

Påmelding innan fredag 5.4 – Me bestiller inn mat så fint om ein gir beskjed om ein kjem :) SMS 90104139 eller kristin.kvamme.rasch@masfjorden.kommune.no



FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

**Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristen:
28. mai**

Notér dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.



KONTAKTINFORMASJON



Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

www.masfjorden.kommune.no

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no

torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no
eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no
tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Formgjeving: Mary Hope

KONTAKTINFORMASJON TIL KYRKJA



Tlf. 56 16 62 61
e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjevevjerje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
epost kyrkjevevjerja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Trusopplærer:
Tina Meland Lønnebakken
Tlf.: 56 16 62 62/936 85 071
e-post: tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Organist:
Boris Kuprijanov
Tlf. 920 60 993
e-post: kuprbor@gmail.com

Kyrkjegardsarbeidar:
Remi Kallekleiv Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no

Vipps Masfjorden sokn: 620513